

**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 31.05.2016  
**Tidspunkt:** 09:00-12:15

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Nina Murberg	Medlem	FFO

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	FL R/SV/SP/KRF
Kirsten Syljeset	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Siri Fransson	Solbjørg Helen Krossli Marjala	FL R/SV/SP/KRF
John Torgeir Torsvik	Kirsten Syljeset	H

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Rolf Rosenlund	Leiar forvaltningsseksjonen, samferdselsavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 16/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 17/16	Godkjenning av sakliste		
PS 18/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 19/16	Referatsak (meldingar)		
RS 15/16	Referat frå RMNF-AU - 09.05.2016	2014/558	
RS 16/16	Oversikt økonomi - per 20.05.2016	2014/558	
RS 17/16	Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune	2014/15084	
RS 18/16	Årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland	2014/558	
RS 19/16	Uttale til Nasjonal transportplan 2018-2029 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 20/16	Odda vgs - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 21/16	Innspel til folkehelsearbeidet - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 22/16	Open høyring - rullering av Hordaland fylkeskommune sin Skulebruksplan 2017-2030	2016/4130	
RS 23/16	Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 – pr. april	2015/10845	
RS 24/16	Invitasjon til å søke om tilskudd for nettverksdeltakelse universell utforming i regional og lokal kollektivtransport	2014/558	
PS 20/16	Forslag til ny fast møtedag	2014/558	
PS 21/16	Uttale til godsterminal i Hordnesskogen	2014/558	
PS 22/16	Landskonferanse 2016 - Hordaland som arrangør	2014/558	
PS 23/16	Kurs om høyrsllehemming og universell utforming av bygg, 11.06.2016	2014/558	
PS 24/16	Ymse		

## **PS 16/16 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

### **Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

## **PS 17/16 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

### **Vedtak**

Sakslista vart godkjent utan merknadar.

## **PS 18/16 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

### **Vedtak**

Møtebok frå førre møte vart godkjent utan merknadar.

## **PS 19/16 Referatsak (meldingar)**

**Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

**Inge Fiskvik, FFO**, hadde slik merknad til Referat frå RMNF-AU – 09.05.2016:

«Det er to Sak 18, den eine må endrast til Sak 19.»

### **Vedtak**

Referat frå RMNF AU – 09.05.2016 vart godkjent med slik merknad:  
Det er to Sak 18, den eine må endrast til Sak 19.

**Kjell Håland, A**, sette fram slikt forslag:

«Rådet vil sende ein uttale til skulebruksplanen. Harald Norheim og Kjell Søvik skriv eit utkast til skulebruksplanen som vert sendt til rådsmedlemane innan 15. juni. Rådsmedlemane kjem med innspel til 22. juni. Arbeidsutvalet får fullmakt til å sy saman uttala.»

### **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke:

### **Vedtak**

Rådet vil sende ein uttale til skulebruksplanen. Harald Norheim og Kjell Søvik skriv eit utkast til skulebruksplanen som vert sendt til rådsmedlemane innan 15. juni. Rådsmedlemane kjem med innspel til 22. juni. Arbeidsutvalet får fullmakt til å sy saman uttala.

**RS 15/16 Referat frå RMNF-AU - 09.05.2016**

**RS 16/16 Oversikt økonomi - per 20.05.2016**

**RS 17/16 Årsmelding 2015 Hordaland fylkeskommune**

**RS 18/16 Årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland**

**RS 19/16 Uttale til Nasjonal transportplan 2018-2029 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 20/16 Odda vgs - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 21/16 Innspel til folkehelsearbeidet - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 22/16 Open høyring - rullering av Hordaland fylkeskommune sin Skulebruksplan 2017-2030**

**RS 23/16 Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 – pr. april**

**RS 24/16 Invitasjon til å søke om tilskudd for nettverksdeltakelse universell utforming i regional og lokal kollektivtransport**

## **PS 20/16 Forslag til ny fast møtedag**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

**Nina Murberg, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Saka vert trekt.»

### **Røysting**

Murberg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka vert trekt.

## **PS 21/16 Uttale til godsterminal i Hordnesskogen**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

**Nina Murberg, FFO**, sette fram slikt forslag på vegner av rådet:

«Rådet ønskjer ikkje å uttale seg om val av logistikknutepunkt, men har observert at Hordnesskogen er eit av alternativa. Hordnesskogen vert brukt av fleire grupper med nedsett funksjonsevne og er eit av få godt tilrettelagte turområde i flatt terreng. Rådet kjenner til at Hordnesskogen vert nytta jamnleg av menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet understrekar at Hordnesskogen er ganske unik i Bergen med sine opparbeida turstiar i nesten flatt terreng. Friluftsliv er viktig i forhold til folkehelseperspektivet, nok som er særskild viktig og for denne gruppa. Dersom Hordnesskogen vert vald ser rådet at det er store utfordringar å finne moglegheiter for store grupper å dyrke friluftsliv og fremje folkehelse.»

## **Røysting**

Murberg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Rådet ønskjer ikkje å uttale seg om val av logistikknutepunkt, men har observert at Hordnesskogen er eit av alternativa. Hordnesskogen vert brukt av fleire grupper med nedsett funksjonsevne og er eit av få godt tilrettelagte tuområde i flatt terreng. Rådet kjenner til at Hordnesskogen vert nytta jamnleg av menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet understrekar at Hordnesskogen er ganske unik i Bergen med sine opparbeida turstiar i nesten flatt terreng. Friluftsliv er viktig i forhold til folkehelseperspektivet, nok som er særskilt viktig og for denne gruppa. Dersom Hordnesskogen vert vald ser rådet at det er store utfordringar å finne moglegheiter for store grupper å dyrke friluftsliv og fremje folkehelse.

## **PS 22/16 Landskonferanse 2016 - Hordaland som arrangør**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

**Kjell Håland, A**, sette fram slikt forslag:

«Rådet vedtek å ikkje ta på seg arrangement i 2016.

Rådet vedtek å tilby å vere medarrangør i 2017 saman med rådet i Rogaland om dei ønskjer det.»

## **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Rådet vedtek å ikkje ta på seg arrangement i 2016.

Rådet vedtek å tilby å vere medarrangør i 2017 saman med rådet i Rogaland om dei ønskjer det.

## **PS 23/16 Kurs om høyrsllehemming og universell utforming av bygg, 11.06.2016**

### **Forslag til vedtak**

Følgjande medlemmer deltek på vegne av rådet:

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

**Kjell Søvik, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Følgjande medlemmer deltek på vegne av rådet:  
Kjell Søvik, FFO»

## **Røysting**

Søvik sitt forslag vart samrøystes vedtek.

## **Vedtak**

Følgjande medlemmer deltek på vegne av rådet:

Kjell Søvik, FFO

## **PS 24/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016**

**Leif Fauskanger** frå Hjelpemiddelsentralen Vest orienterte om hjelpemiddelsentralen med fokus på tilbod og tilrettelegging for blinde.

Seksjonsleiar forvaltning **Rolf Rosenlund** frå samferdselsavdelinga orienterte om TT-ordninga og moglegheita for å søkje om utvida midlar.

**Kjell Håland, A**, sette fram slikt forslag til protokollmerknad:

«Invitasjon om å søkje om utvida midlar til TT-ordninga vart gjort kjent for rådet via FFO. Det er beklageleg at rådet kom seint inn i prosessen.»

#### **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke

#### **Protokollmerknad til orienteringa om TT-ordninga og moglegheita for å søkje om utvida midlar**

Invitasjon om å søkje om utvida midlar til TT-ordninga vart gjort kjent for rådet via FFO. Det er beklageleg at rådet kom seint inn i prosessen.

**Nina Murberg, FFO**, sette fram slikt forslag:

«Rådet ønskjer ein orientering frå vaksenopplæringa på eit framtidig møte.»

#### **Røysting**

Murberg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Rådet ønskjer ein orientering frå vaksenopplæringa på eit framtidig møte.